

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND

1949

Namnet på vatnet Tenneselv
Kommune Kvæysund

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving
av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap
v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært
samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i
Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

T O R N E S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 28. august 1979.

Vatnet ligg i Haugesund kommune, i Kvala-Tornesområdet nord for sentrum, og med Torevarden i nord.

Arealet er omlag 10 ha. og h.o.h. 2.0 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamtover eit noko grunt vatn.

Stranda består for ein stor del av kultivert mark, men og noko stein- og fjellstrand som går over til gjermebotn på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Det er ein frodig vegetasjon i strandsona rundt store deler av vatnet og ein vil finna botngras, brasmebras, nøkkeroser, flotgras, tjønnaks, siv- og algevegetasjon.

Nedslagsfeltet femner stort sett om kultivert mark med fyllitt i undergrunnen.

Hovudtilsiget fell inn i sør-aust og kjem frå Skeisvatnet m.fl. Forutan dette fell det inn eit bekketilsig i nord frå Fagerheim-området.

Avlaupet renn ut i vest til Årabråtsvågen.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er omlag 3.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 6.6 som er mykje godt for aure.

Innhaldet av kalsium (Ca/l) er målt til 9.55 mg/l og den totale hardheita (CaO/l) til 13.0 mg/l. Dette er godt samanlikna med andre analyserte vatn.

Elektrisk leiingsemne (uS/cm) er målt til 82.3.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke ein botnprøve på 2.0 m djup og her vart det funne 53 fjærmygglarver, 13 muslingar, 2 vannmidd, 2 vårflugelarver, 2 fåberstemakk og 1 igle - tilsaman 730 individ pr. m^2 .

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 3 fiskar.



Her vart det funne fjærmygglarver, fjærmyggupper og div, luft-insekter.

Samla resultat syner at det er bra med næringsdyr.

Fisk m.v.

Fylgjande fiske slag vil ein finna i vatnet: Sjøaure, ferskvass-aure, røyr, ål, flyndre og stingsild.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 78 aurar og 1 røyr. Vidare 6-8 flyndrer. Fordeler vi aurefangsten på omfara, og vidare på cm-klassar. vih dette grafisk framsynt sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 30 aurar og av desse var det 2 sjøaurar. Ser vi bort frå sjøauren, og berre konsentrerer oss om ferskvass-auren, så var 8 røde og 20 lys-røde i kjøttfargen. 2 av fiskane var angripne av måkemakk. Vidare var det 15 gytefisk (53 %)-resten gjelfisk. 19 stk var hofisk og 9 stk hanfisk. Medelvekta av alle aurane (78) var 199.0 gram. Den største fisken vi fekk var ein sjøaure på 780 gram. Den største ferskvassauren var 295 gram. Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøve-fiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	5.0	9.5	17.3	21.6	26.0	28.1
Årleg lengdetilvekst i cm	5.0	4.5	7.8	4.3	4.4	2.1
Antall fiskar	28	28	28	23	18	1

Medel kondisjonsfaktor = 1.15 tilseier feit, fin fisk.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for ferskvassauren i Tornesvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr. år).

Som vi her vil sjå, syner auren i Tornesvatnet ein mykje god lengdetilvekst og ligg stort sett over normalen like til 5-6 års alder. Vi har også teikna inn vekstkurven for dei 2 sjøaurane og denne forlet vatnet etter 2 år. Når den kjem ut i sjøen er næringsforrådet rikt og veksten god.


Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene på vatnet karakteriserast som relativt næringsrikt og med eit fiskebestand som ser ut til å vera bra avpassa næringsforrådet.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva, så er desse gode. Ein pH på 6.6 er langt frå det vanlege i dag og vatnet har ei god "bufferemne" slik at svingningane i pH vil vera små gjennom året.

Botnprøven syner at mange arter av verdfulle næringsdyr er til stades.

Omfarfordelinga, saman med cm-klasseinndelinga, fortel om fisk av ymse årgangar og storleikar.



Som nemnt er vekstkurven mykje god og fisken feit og fin. Som kjent spelar nedslagsfeltet ei avgjerande rolle når det gjeld næringsstilgang, og fylgjeleg fiskeproduksjon, i eit vatn. Det er herfrå at vatna får tilsiga sine og dei stoffa som til-siga fører med seg vil setja sitt preg på vatnet - enten til godt eller vondt.

Nedslagsfeltet for Tornesvatnet består for ein del av kultivert mark og gjødseltilsig herfrå vil gi seg utslag i ein frodig vege-tasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget.

Tilhøva blir såleis gode for fiskeproduksjon.

Fiskeprøven vår synter at det er røyrlar i vatnet, men der er neppe noko stor røyrbestand. Røyra gyt som kjent på hard, steinutbotn ute i vatnet, men då botntilhøva for det meste er gjørme i Tornesvatnet, vil det etter alt å døma vera ei minimal rekruttering av dette fiskeslaget. Den eine røyra vi fekk var 220 gram og 28 cm. Det som gjer Tornesvatnet til eit mykje interessant fiskevatn er at også sjøauren går opp her. Når det ikkje lukkast oss å få meir enn 2 sjøaurar kjem dette av, at denne har gått vidare oppover i vassdraget. Vertilhøva var slik under prøvefisket, at sjøauren ikkje gjekk opp, då det vanlegvis vil skje under flaumar og stigande vassføring i avlaupsbekken.

Gytetilhøva er gode i hovudtilsiget frå Skeisvatnet, slik at rekrutteringa normalt vil vera sikra.

Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at Haugesund Jeger- og fiskeforening tek kontakt med grunneigarane og prøver å inngå ein overenskomst m.o.t. drift av Tornesvatnet.

Primært må vatnet drivast som sportsfiskevatn (stangfiske) og sal av fiskekort. Vatnet inneheld eit rikt fiskebestand av matnyttig fisk, så det var sikkert mange som ville prøve fiskelukka si nettopp her.

Sjøauren er eit mykje ettertrakta fiskeslag, så ein må gå inn for å auke bestandet. Ettersom garnfiske av aure i sjøen nå er forbudt, er det grunn til å tru at meir sjøaure enn tidlegare vil gå opp i Tornesvatnet og vidare oppover. Ein må såleis om hausten fange inn stamfisk ved hjelp av El.fiskeapparat og inngå ein avtale med eit eller anna klekkeri. Yngelet må så setjast ut i dei øvre delene av vassdraget, og gjerne i sidebekker, med sikker vassføring. Som regel kjem sjøauren attende til si "barndomselv" for å gyte. På denne måten kan ein bygge opp eit rikt sjøaurebestand i heile vassdraget, noko som skulle vera ei føremun for dei fleste. Vi skal og hugse, at sjøauren skattar næringsforrådet lite då den storparten av sitt liv ernærer seg ute i sjøen.

Elva mellom Tornesvatnet og Skeisvatnet må gåes over og reinskast opp for å lette oppgangen av sjøaure. Det må her lagast kulpark med visse mellomrom, slik at fisken får kvile, og vidare vil kulpene vera gode fiskeplassar.

Ålen er ein godt betalt matfisk og denne må ein prøve å nyttig-gjera seg. Ved å samle opp ålen frå heile vassdraget, med til-støytande vatn, skulle ein kunne fange mange hundre kilo ål årleg i utfallsbekken frå Tornesvatnet. Som kjent er det om hausten, helst under flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet. Elles syner ein til brev frå Fiskekonsulenten til Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk av 5/12-78 vedk. kultiveringstiltak for vassdraget.

Om ynskjeleg vil underskrivne vera hjelpesam med å setja dei til-taka som her er nemnde ut i livet.

Stavanger 15/2 1980

Einar Berg